

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2023



(Villreinflokk med Tverrådalsskyrkja i bakgrunn. Foto Kristen Dagsgard.)



**ÅRSMØTET BLIR HALDE PÅ SKJÅK TURISTHEIM
TORS DAG 25. APRIL 2024 kl. 19.30**

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar og sekretær
3. Val av 2 av dei frammøtte bruksberettiga til å skrive under protokollen
4. Årsmelding og rekneskap for 2023
5. Orientering frå styret og styret sine planar for det komande året
6. Fastsetjing av godtgjersle i 2024 for styremøte og andre møter, og fast godtgjersle til styreleiaren
7. Oppnemning av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjonsarbeid
8. Val av 1 av 3 medlemmar til Revisjons- og kontrollutval 2024-2026
9. Handsaming av evt. innkomne saker (må leverast skriftleg på almenningkontoret seinast 1 veke før årsmøtet)
10. Valet er ein integrert del av årsmøtet. Dvs. at vallokalet opnar når årsmøtet kjem til dette punktet i saklista og vallokalet stengjer når årsmøtedeltakarane på årsmøtet er ferdig med å stemme. Det blir gjeve moglegheit for at andre bruksberettiga, som ikkje deltek på sjølve årsmøtet, skal få stemme i dette tidsrommet.

Valkomiteen har kome fram til fylgjande 8 kandidatar til almenningstyret og 6 kandidatar til valkomiteen. Namna er lista opp alfabetisk:

Styret

Bøye, Else Mona Staurust
Eiesar, Pål
Hånsnar, Kari
Ramstad, Kjell Egil
Steinbakke, Ola
Stenersen, Bjørnar Knutsødegård
Ørjasæter, Per Øyvind
Aaboen, Kjell

Valkomité

Siv Andersbakken
Gjeilo, Tore
Grimstad, Mona Haugen
Maurstad, Liv Oddrun
Risheim, Jon Roger
Tråstad, Anita

Kunngjering av valresultat på same stad etter valslutt
Underskriving av protokollen.


Årsmøtet slutt.

Styret for Skjåk Almanning

*Skjåk Almanning - til det beste for jordbruket
og til glede for alle*

ÅRSMELDING 2023

1. EIGARSKAP OG ORGANISERING



Almenningsstyret

Kjell Egil Ramstad (styreleiar)	2020-2024	Arnstein Fjerdingsren	2022-2026
Mona H. Grimstad (nestleiar)	2020-2024	Vidar Vange	2022-2026
Kjell Aaboen	2020-2024	Ragnhild Løkken	2022-2026
Bjørnar K. Stenersen	2020-2024		

Vara for styret

Pål Eiesar	2020-2024	Malene Dagsgard	2022-2026
Susanne R. Brenna	2020-2024	Marius Andreassen	2022-2026
Ola Steinbakke	2020-2024	Bernt Joachim Dahl	2022-2026
Else Mona S. Bøye	2020-2024		

Valkomite

Hans Sæther	2022-2024	Rune Plassen (vara)	2022-2024
Liv Oddrun Maurstad	2022-2024	Tore Gjeilo (vara)	2022-2024
Siv Andersbakken	2022-2024		
Anita Tråstad	2022-2024		

Styremedlemmar og varamedlemmar er valde for 4 år om gongen. Funksjonstida for styreleiar og nestleiar er 2 år.

Møter og revisjon

Det er halde 8 ordinære styremøte i 2023, der det til saman vart handsama 60 saker. Revisor er Ernst & Young AS, medan revisjons- og kontrollutvalet består av: Egil Mork (2023-2025), Lars Petter Forberg (2023-2025) og Gudbrand Hyrve (2022-2024).

Årsmøtet 2023

Årsmøte med val vart halde på Skjåk Turistheim 25. april 2023. Det deltok 18 bruksberettiga inkludert styret.

Representasjon

Skjåk Trelast AS	Kjell Egil Ramstad
Bygger'n Skjåk AS	Kjell Egil Ramstad (styreleiar)
Breheimen Nasjonalparkstyre	Jo Trygve Lyngved (nestleiar) / Birgit Bilstad (vara)
Reinheimen - Breheimen Villreinutval	Kjell Egil Ramstad og Birgit Bilstad
Bruksrettsutval Skjåk Almenning	Kjell Egil Ramstad, Vidar Vange og Ragnhild Løkken
Rådgevande utval Reinheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Rådgevande utval Breheimen Nasjonalpark	Birgit Bilstad
Skjåk Turløyper SA	Kristen Dagsgard (styreleiar)
AS Vågåfisk	Kristen Dagsgard
Vedlikehaldsforeininga for Tundradalsvegen	Kjell Olstad (styreleiar)
Skjåk Biovarme AS	Jo Trygve Lyngved (styreleiar) / Kjetil Brandsar (styreleiar) frå 1.11.2023 og Kjell Egil Ramstad
Gudbrandsdal Massivtre AS	Jo Trygve Lyngved. Kjetil Brandsar frå 1.11.2023
Måråe Kraftverk AS	Kjell Egil Ramstad (nestleiar) og Jo Trygve Lyngved t.o.m. 1.11.2023 Kjetil Brandsar f.o.m. 2.11.2023
Sameiget Sotvegen	Birgit Bilstad (styreleiar)

Sekretærfunksjon Norsk Allmenningsforbund	Sæbjørn Forberg
Sekretærfunksjon Reinheimen-Breheimen villreinutval	Jo Trygve Lyngved / Kristen Dagsgard

Tilsette

Allmenningsstyrar	Jo Trygve Lyngved t.o.m. 15. august 2023
Allmenningsstyrar	Kjetil Brandsar f.o.m. 1.11.2023
Utmarksrettleiar	Birgit Bilstad
Utmarksrettleiar	Kristen Dagsgard
Utmarksrettleiar	Kjell Olstad
Kontormedarbeidar	Kari Elin Sperstad
Økonomileiar	Astrid Bjørnstad
Sekretær Norsk Allmenningsforbund	Sæbjørn Forberg

Skifte av allmenningsstyrar

Jo Trygve Lyngved har vore allmenningsstyrar i Skjåk Almenning sidan 1. september 2011. Han sa opp stillinga som allmenningsstyrar med verknad frå 15. august 2023, med bakgrunn i at han fekk arbeid som Statens Naturoppsyn i Breheimen.

Gjennom sine nær 12 år som allmenningsstyrar har han modernisert mykje av drifta og levert gode resultat. Han har også hatt eit stort engasjement for villreinen, både som styreleiar og etter kvart som sekretær for Reinheimen – Breheimen villreinutval.



Jo Trygve Lyngved vart takka for sin innsats i Skjåk Almenning av styret og tilsette i oktober 2023.

Styret starta arbeidet med rekruttering av ny allmenningsstyrar i april 2023.

Kjetil Brandsar vart tilsett som ny allmenningsstyrar med verknad frå 1. november 2023. Han er utdanna Cand. Agric Eiendomsfag / jordskifte frå Norges Landbrukshøyskole på Ås (nå NMBU), og har arbeidd for Domstoladministrasjonen i Norge som jordskiftedommar dei siste åra.

Avslutting av sekretærfunksjonen for Norsk Allmenningsforbund (NALF)

Etter nærare 12 år med sekretærfunksjonen for Norsk Allmenningsforbund, fyrst Stig Aaboen og deretter Sæbjørn Forberg, har Stange og Romedal Almenning teke over dette arbeidet med verknad frå 1.1.2024. Bakgrunnen for skiftet var at Sæbjørn Forberg gav signal om at han ville avslutte etter 8 år i stillinga. NALF lyste deretter ut sekretariatfunksjonen på nytt som ei 40 % stilling. Ein såg ikkje for seg å ha kapasitet til å fylle funksjonen som vart utlyst av Norsk Allmenningsforbund i neste 3 års periode, og valde difor etter kvart å trekkje søknaden om vidare sekretærfunksjon for NALF.

Jubileumsfeiring – Skjåk Almenning 225 år

Den 10. juni hadde vi stor markering av at Skjåk Almenning runda 225 år. Invitasjon var sendt ut til alle som bur i bygda.

Dagen starta med omvising på Skjåk Trelast og Skjåk Biovarme og det var godt frammøte. Seinare på dagen var det tilstelling i Dønfoss Grendehus der vi fekk eit historisk attendeblick ved Bjørn Dalen og Stig Aaboen. Jo Trygve Lyngved orienterte om dagens drift i almenninga, og Sæbjørn Forberg avrunda med eit skråblikk på framtida.

Ute var det forskjellige aktivitetar for små og store; spikking, skyting, diskgolf, informasjon og naturstig. Matsserveringa vart gjennomført i fin stil frå Skjåk Turistheim og det var om lag 250 som deltok. Skjåk bygdekvinnelag syrgde for kaffeservering og bakst både på sagbruket og i Dønfoss. Andre lag som bidrog godt var Skjåk husflidslag, DNT Gudbrandsdalen, Glommen Mjøsen Skog, SNO, Skjåk IL, Skjåk jeger- og fiskarlag, Toradarlaget, Flåklypa Sendeplatelag og Reinheimen Bågåjegerlag.

Vi seier oss godt tilfredse med gjennomføringa av jubileet.



Det var om lag 250 som deltok på Skjåk Almenning sin 225 års jubileumsfest i Dønfoss 10. juni 2023.


2. BRUKSRETT

Retningsliner for bruksrett med rabatt- og tilskotssatsar har ikkje vorte endra i 2023. Styret har gjennom året hatt fokus på om det er grep som kan gjerast for å bidra til det beste for landbruket.

Det har vore arbeidd vidare med bruksrettsgjennomgang i 2023. Som følgje av dette arbeidet har 8 bruk mista bruksretten sin. Enda eit bruk fekk vedtak om at dei mista bruksretten, men dette vart påklaga. Saka vart ikkje ferdigbehandla i 2023.

I 2023 vart det 131 stk. (137) gardsbruk som søkte produksjonstilskot i Skjåk. Totalt vart det sleppt 5364 dyr på utmarksbeite i Skjåk Almenning i 2023, mot 6359 dyr i 2022.

Tapet av sau til rovdyr er framleis altfor høgt, der forskjellen mellom besetningane var stor. Av sleppte sau og lam er rovdyrtapet på 12,5 % i 2023, mot 12 % i 2022. Denne situasjonen og utviklinga er ikkje haldbar, og det må takast grep for å halde tapstal og rovdyrbestanden på eit akseptabelt nivå.



Utvikling i talet på dyr på utmarksbeite i perioden 2014-2023, fordelt på sau, storfe og geit. Tap av sau på utmarksbeite er markert med svart line. Eventuelle tapte storfe og geit er ikkje teke med i framstillinga.

Samla ytingar til bruks- og eigedomsberettiga frå Skjåk Almenning kom i 2023 på 3,5 MNOK. I tillegg kjem verdien av utmarksbeite som er stipulert til mellom 3,5 MNOK og 4 MNOK.

I 2023 er det betalt ut kr 901 377,- i samla tilskot frå Skjåk Almenning i 2023. Av dette gjekk kr 882 877,- til driftsbygning i landbruket.



3. SKOGEN


Skjåk Almenning er medlem av Glommen Mjøsen Skogs FSC® gruppe-ordning (FSC-C103851) og skogforvaltningen på eiegen skog skjer i tråd med FSC Prinsipper og Kriterier. Glommen Mjøsen Skog er sertifisert gjennom Soil Association Certification Ltd. I tillegg er Skjåk Almenning medlem av Glommen Mjøsen Skogs PEFC sertifikat, og følger Norsk PEFC Skogstandard.

Almenninga har eigen skogbruksplan og forvaltningsplan. Planane inkluderer kartlegging og omtale av miljø- og kulturminne og fleirbruksomsyn, og blir revidert regelmessig. Siste skogtakst frå 2015 viser eit produktivt skogsareal på 82 051 daa, der 1 718 daa utgjer nøkkelbiotopar. I tillegg er om lag 54 000 daa skogsareal verna gjennom naturvernlova og naturmangfaldlova. Sistnemnte er Reinheimen- og Breheimen Nasjonalparkar med tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat. Årleg tilvekst på det produktive arealet i hogstklasse 3, 4 og 5 er 15 100 m³, medan årleg balansekvantum ligg på om lag 11 000 m³. Hogstkvantumet er fordelt mellom kabelkranterreng og hogstmaskinterreng. Furu blir forynga ved planting eller naturleg forynging. Suppleringsplanting skjer der det er nødvendig og tilstanden til skogen blir vurdert som stabil og tilfredsstillande.

Ved gjennomføring av skogbrukstiltak blir det gjort før- og ettervurderingar. I dette ligg gjennomgang av aktuelle databasar for miljø og kulturminne. Biologisk rådgjevar er brukt der det er aktuelt med avklaring av enkelte artsfunn og naturtype-områder. Det er ikkje avdekt skader eller andre utilsikta forstyrningar på verneområde eller nøkkelbiotopar. Almenninga har heller ikkje kjennskap til uhell eller avvik knytt til andre kjente miljøverdiar siste år. Almenninga har aktivitet knytt opp mot fritidsaktivitetar og friluftsliv, og har gjennom representasjon og møter dialog med aktuelle brukargrupper. Skogsbilvegane er i hovudsak opne gjennom den snøfrie delen av året. Skjåk Almenning hadde eksternrevisjon av sin FSC-sertifisering også i 2023, slik som det har vore kvart år sidan 2018. Det vart ikkje funne noko avvik.

Hogst

Innmålt kvantum i 2023 var 8 616 m³, der bjørk utgjer 116 m³, og furu resten. Av volumet var 53 % sagtømmer, medan resten var slip og anna vyrke. Av totalvolumet kjem 599 m³ av tynningshogst. Snittprisen på skurtømmer og slip gjennom året var høvesvis 617 kr/m³ (608) og 351 kr/m³ (319). Sagtømmeret gjekk til Skjåk Trelast AS (34 %) og Moelven (66%), medan slipkvantumet gjekk til Skjåk Trelast (22 %) og Stora Enso (78 %). Vekstsesonen har vore noko under middels i lågare områder, medan det i høgare områder har vore middels. All omsetning av vyrke går gjennom Glommen Mjøsen SA, og det er også dei som står for hogst og framkøyring gjennom innleigde entreprenørar.



Innmålt hogstkvantum 2013-2023, fordelt på slip og skurtømmer.

Skogkultur

Planting er utført på 808 daa (nyplanting), med 693 daa furu og 114 daa gran. For furu er det planta 26 050 planter av A6, 24 020 A7 og 1 000 A8, Kostnaden, inklusiv supplering, er 6,6 kr/plante (6,1). Det er utført ungskogpleie på 808 daa (720), med ein kostnad på 520 kr/daa (467). Det er ikkje gjennomført førehandsrydding i 2023. Det er ikkje utført markberedning eller gjødsling, og det er ikkje gjort bruk av kjemiske- eller biologiske midlar. Kostnadene over er før eventuelle tilskot. Kulturarbeidet blir i hovudsak gjort av Glommen Mjøsen Skog SA.

Veganlegg og naturskade

Det er ikkje bygd nye veger i 2023. Gjerdevegen i Gjøingslia vart ferdiggodkjent som skogsbilveg klasse III. 320 meter. Kostnadene på denne var 188 887 kroner.

I mars vart det observert raud/brun skog i Langlia. Seinare på våren vart dette også observert andre stader i Billingsdalen, samt i Bråtådalføret, Stulen, Øvre Brekk og Dyringslia solside. Dette er klimaskade/frostskade som skuldast vekslende temperatur. Det har også vore observert slika skadar på midten av 1980-talet.

Almenning har vore godt skåna for større skader knytt til vêr og vind i 2023, men den 8. august kom ekstremveret «Hans», som førte med seg store nedbørmengder på kort tid. Aller verst vart det for sørområdet i allmenninga. Gravvåe, Brandsargrove, Søtilgrove, Kvitingsgrøven, Myrkløkgrove, og grøvene i Tundradalen gjekk alle utover breiddene og førte til skader. I Tundradalen gjekk det blant anna eit større ras over Illvegen. Mykje infrastruktur vart berga kvelden 8. august etter eit godt samarbeid og velvilje frå lokale entreprenørar. Skadeomfanget utgjorde likevel ein kostnad på nær 250 000 kr for almenninga. Tundradalsvegen vart påført eit større skadeomfang der almenninga har bidrege med ei mellombels ordning. Det er søkt om naturskadeerstatning for majoriteten av skadane, men utfallet / erstatning vart ikkje klart i 2023.



Uveret «Hans» kom med ekstreme nedbørmengder den 7-9. august som medførte fleire jordras. Eit jordras gjekk over Tundradalsvegen.

4. UTMARK

Storvilt

Hausten 2023 var det siste året i den 3 årlege bestandsplanen for elg, hjort og rådyr i heile Skjåk. Fokuset har også i 2023 vore å få ned stamma av elg og hjort slik at den er tilpassa beiteressursgrunnlaget, samt gjere forsøk på å dempe konfliktnivået mot skadar på innmark. Beitesommaren 2023 var sannsynlegvis middels for storviltet, men ein kald vår gjorde at ein del dyr vart ståande nokså lenge i lågareliggjande strøk og på innmark. I juni vart det svært varmt og turt, medan resten av sommaren og hausten vart særst våt og høvesvis kald. Snø og frost kom nokså tidleg i oktober, og varte meir eller mindre ut året.

Elg

Bestandsplanen 2021-2023 har hatt som målsetting opp til eit årleg uttak av elg i Skjåk på 100 dyr, og totalt inntil 300 elg + 90 tiltaks/skrapdyr i perioden. Vidare var målet i bestandsplanen 2021-2023 å ha eit årleg uttak av tilvekst på ca. 55-75 elg per år for heile Skjåk. Om ein nådde dette målet i 2023 er vi usikre på, men dei fleste indeksar vi har tydar på at bestanden er på tur ned mot målet som vart sett. Utvikling i slaktevektar og produktivitet i elgstamma har vorte dårlegare for kvart år, men med nokre lyspunkt for slaktevektene i 2022 og 2023. Den gode trenden frå 2022 med litt høgare slaktevektar ser vi ikkje like mykje av i 2023. Produktiviteten har gått litt opp, kanskje ein etterverknad frå at beite var bra i 2022, samstundes som bestanden totalt har vorte noko mindre.

Generelt vart det skote mange skrapdyr i 2023, og ein del dyr som gav halv pris pga. vekt. Tildeling av ein fri okse per jaktlag i løpet av bestandsplanperioden gjorde at vi kunne tildele fleire «småuksar» i 2023.


Tiltak med redusert pris for elg skote på innmark er vidareført, men med nokre endringar for å prøve å gjere uttaket meir spesifikt mot enkelte dyr. Skjåk kommune iverksette også i år skadefelling på innmark før ordinær jaktstart, desse er ikkje med i vår statistikk.

Skjåk kommune bestilte ein viltbeitegranskingsrapport på innmark, utført av Norsk Landbruksrådgiving Innlandet, der vi fekk tilsendt resultatet hausten 2023. Rapporten syner at viltbeiting gjev betydeleg skade på grasproduksjonen for ein del gardbrukarar. Dette må ein ta med i arbeidet med ny bestandsplan i 2024.

I 2023 vart det felt totalt 90 elg i Skjåk Almenning, derav 20 dyr som fell inn under kategorien skrapdyr / fallvilt, og 4 «innmarkselg» med sterkt redusert pris.

Totalt vart det felt 107 elg i heile Skjåk i 2023.

Utfordringa framover blir å finne ut kvar ein er i høve bestandsmål og sette inn tiltak som gjer at ein når måla i bestandsplanen.



Felt elg i Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd 2011-2023


Hjort

For hjort er det lagt opp til eit årleg uttak på inntil 360 hjort kvart år, totalt 1 080 hjort i heile Skjåk i bestandsplanperioden. Dette er eit ynskje, meir enn eit realistisk mål – då hjorten på mange måtar er meir utfordrande å jakte på i terrenget, samt at den har sesongmessige vandringer over større avstandar som vi har lite konkret kunnskap om. Hausten 2023 vart hjorten «burte» nokså tidleg i Skjåk Almenning, og det var lite hjort å observere på innmark i november/desember.

Det er ingen stor endring i verken produktivitet eller slaktevektar dei siste åra, men kanskje ein liten nedgang i slaktevektene for hjortekalv. Under vårteljing på innmark i april 2021 vart det rekna heile 711 hjort innanfor Skjåk kommune, tilsvarande tal på våren 2022 var 614, og 579 i 2023.

Totalt vart det skote 42 hjort i Skjåk Almenning hausten 2023. Vi skulle ynskje det var meir, men hjorten er ujamt fordelt i både tid og terreng, så det er ikkje så enkelt å få auka avskytinga monaleg. I praksis er det fri kvote på tilleggdyr for hjort (med unntak av vaksen bukk). Ein har ikkje inntrykk av at jegerane held tilbake felling av noko grunn, dei tek som regel ut det dei får tak på.

Totalt vart det felt 181 hjort i Skjåk i 2023, nokre fleire enn i 2022.



Felt hjort i Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd 2011-2023

	Elg	Hjort	Villrein	Rådyr
Kvotet	87 (88)	100 (100)	583 (474)	44 (43)
Felt	90 (90)	42 (46)	439 (308)	29 (14)
Fellingsprosent	103 (103)	42 (46)	75 (65)	66 (33)
Kg. kjøt	9233 (9919)	2483 (2253)	Ca. 15.500 (10.500) stipulert	435 (210) stipulert

(Nøkkeltal frå storviltjakta i Skjåk Almenning 2023. Tal frå 2022 i parentes.)

Villrein

Årets kvote vart av årsmøtet for Reinheimen-Breheimen villreinutval sett til 1 300 dyr, fordelt med 950 løyver i Reinheimen og 350 løyver i Breheimen. Jaktperioden strekte seg frå laurdag 20. august til og med søndag 17. september, totalt 29 jakt dagar. Grunna mistanke om relativ låg fellingsprosent, valde utvalet å utvide jakttida frå 14. – 17. september. Dette medførte at ytterlegare 76 dyr vart felt. Kortfordelinga var i samsvar med bestandsplanen med slik fordeling:

Kalv	40 %	Bukk under 50 kg	5 %
Simle eller bukk under 40 kg	30 %	Fritt dyr	25 %




«Grådyra» i Reinheimen mot Torsvatnet hausten 2023.

I motsetning til fjoråret, som var prega av stabilt, varmt og fintvær, var årets vërsituasjon ein heilt anna. Varierende vëer med ein del vind og nedbør, og få finvërsdagar prega årets reinsjakt. Dette resulterte nok i at reinen fekk fleire dagar «fri» pga. ruskete vëer, og at dei såleis fekk tid til å spreie seg meir geografisk. Over heile området sto dyra spreidd dei fyrste dagane, men samla seg etter kvart i større flokkar utover jakta.

Jaktutøvinga vart jamt over god, men 8 forhold førte til politimelding. Av sjukdom vart det registrert/observert berre eit tilfelle av fotråte. For heile villreinområdet vart det felt 891 dyr, og fellingsprosenten vart såleis 69 %. I Skjåk Almanning vart det felt 439 dyr som utgjorde 75 % felling. Stammestrukturen ser ut til å vere veldig god, og i tråd med målsetting. Ein håpar med dette at bestanden nå er på tur ned mot bestandsmålet på alle delområde.

Område	Kvote	Ant. felte dyr	Fellings%	Fellings % vaksen	Fellings% kalv
Reinheimen	950	638	67 %	77 %	52 %
Breheimen	350	253	72 %	83 %	56 %
Totalt	1300	891	69 %	79 %	53 %

(Fellingsoversikt 2023 for heile villreinområdet.)



Totalkvota, felte dyr og fellingsprosent for villrein i Skjåk Almanning 2002-2023. Tala i overkant av søyla er kvota det enkelte år.

Fiske


For fiskesesongen 2023 vart det ein relativt tidleg og lovande start. Lite snø og ein varm juni gjorde at Aursjoen, Lundadalsvatnet og Syrtbyttvatnet var isfritt alt 20. juni. Leirungsvatnet vart isfritt før vi bikka juli mot 10. juli året før og Torsvatnet 10. juli mot 1. august året før. Den lovande starten snudde

da vi bikka juli. Frå da til hausten opplevde vi omtrent ikkje ein ærleg vêrdag. Dette sette naturlegvis sitt preg på fiskesesongen der mange måtte planlegge korte turar og elvefiske framfor fjellfiske.

Frå sesongen kom det inn rapportar om uttak av 581 fiskar i Leirungsvatnet der 49 % er rapportert som eigenrekruttert fisk. Kondisjonen er framleis svært godt. I 2022 og 2023 vart det ikkje sett fisk i vatnet. Frå Torsvatnet vart det rapportert uttak av nær 300 fiskar. 82 % av fangsten er stadeigen fisk, men kvaliteten var betre enn dei førre åra. Rapportar frå Grønvatnet viser til veldig god gjennomsnittleg kondisjon på fisken. Rapportar og attendemeldingar frå Aursjoen viste der i mot til negative resultat.

Administrasjonen har elles lagt ned ein del ressursar i løpet av sommarhalvåret for å vere i dialog med fiskarar. Dette er særskilt viktig på mange måtar. Spesielt for å få oppdatert informasjon om situasjonen i ulike vatn og vassdrag i tillegg til å drive marknadsføring og omdømebygging.

Fiskekortsalet heldt seg stabilt samanlikna med året før. 1 232 kort vart seld til utanbygdes mot 1 214 i 2022. 278 kort vart seld til innanbygds mot 288 året før. I sum ei auke på 8 kort.




(Fig. 1 - Sal av fiskekort 2008 – 2023)

I alt vart det sett ut ikring 1 000 fiskeyngel i 2023. 400 stk. to-årig fisk vart sett ut om vinteren i Søverdalen og Blankbergjtjøanne. Ikring 600 stk. to-somrige settefiskar vart bore ut av Skjåk Almenning og friviljuge i 9 ulike vatn og tjern i løpet av august. Sidan 2021 har all settefisken vorte feittfinneklypt både sommar og vinter for å få betre oversikt over eigenrekruttering i ulike vatn. Før det vart berre den vintersette klypt.

I forkant av fiskesesongen vart det lagt ned ein del arbeid for å marknadsføre fisketilbodet i Skjåk Almenning. Av reint fysiske tiltak vart utlansbåtane skjøtta og køyrd ut fortløpande utover våren. Båtlandet på Aursjoen vart utbetra ytterlegare med hellelegging og betre masse på tilkomstvegen. Skjåk Almenning stod for dette tiltaket.



Ivrige fiskarar som var med på «Camp Ut» i juni 2023.



(Utvikling i sal av kategoriar fiskekort til utanbygdes 2010-2023.)

Småvilt

Småroviltjakt er kvart år i fokus og kampanjen for jakt og fangst på smårovilt vart gjennomført som året før. Det vart sett av ein premieringspott på kr 10 000. Den som fangar eller skyt raudrev blir også prioritert fyrst i tildeling av rådyrkort i Skjåk Almenning, samt at eit jaktkort på rådyr blir trekt mellom deltakarane.

For jaktåret 2022/23, vart det betalt ut skotpremie for 46 raudrevar, mot 113 året før. Skotpremien på kr 500 blir framleis utbetalt av Skjåk Almenning, Skjåk Utmarksråd og Skjåk Beite- og Sankelag. I

tillegg vart det rapportert om felling og fangst av 23 mårar, 3 mink/røyskatt og eit mindre tal kråkefugl. For mår er det 300 kr i skotpremie.

I forkant av jaktseasonen 2023/2024 innførte Skjåk Almenning ei retningsline med føringar for jakt og fangst på rovvilt i almenninga. Hovudintensjonen med denne er å gjere jakt og fangst på rovvilt så effektivt og målretta som mogleg. Dette medførte blant anna at det vart søknadspliktig å leggje ut åte på almenningsgrunn.

Den negative utviklinga for rypebestanden heldt fram i 2023. Til trass for greie forhold under klekkinga, viste takseringa til ein dårlegare produksjon og mindre vaksenfugl samanlikna med 2022. Resultatet vart 1,8 fuglar per km linje og 0,6 kylling per par. Forholda under takseringa var veldig gode. Rypejakt 2023 var med dette ikkje ein gong diskutert som eit alternativ. Jegerane som hadde fått tildelt jakt fekk refundert beløp for dette. Årsakene til svikten blir til dels spekulasjon i og med at utviklinga langt på veg er ein nasjonal trend. Årsaksbildet er samansett av ulike faktorar som blant anna predasjon, forhold under klekking, smågnagarbestand, insektklekking og snøtilhøve gjennom vinteren.


Småviltjakt elles og trening av fuglehund vart organisert som vanleg. Det vart også gjennomført to organiserte fuglehundprøver i Grotliområdet i mars/april.

Opplæring og rekrutteringstiltak for jakt og fiske

Skjåk Almenning har ein intensjon om å vera delaktig og drivande for tiltak som fremjar rekruttering til jakt og fiske. Dette varierer frå år til år, men nokre tiltak er sett på som faste. Almenninga var som før med og finansierte jegerprøvekurset også i 2023 der 5 kandidatar frå Skjåk deltok. Dette bidraget er med på å gjere kurset gratis (med unntak av avgift for skyting) for deltakarar under 20 år. Kurset blir organisert felles mellom Lom og Skjåk JFL.

Skjåk Almenning var også bidragsytar i form av mannskap og utstyr til Camp Ut på Pollmodden. Dette er eit aktivitetstilbod for born og unge i regi av Fjelleventyret. I overkant av 100 ungar og ungdom deltok på arrangementet som vart svært vellykka. Skjåk Almenning var også med Skjåk Barne og Ungdomsskule på prøvefisking på Grotlivatnet i august.

«Friluftsskulen» - frå skog til bord vart vidareført frå 2022. Dette i samarbeid med DNT Gudbrandsdalen som hadde hovudregien. Kort summert omhandla dette opplegget jakt på elg, hjort og rådyr i praksis for ungdom (5.-10. klasse). 13 ungdommar deltok. Almenninga bidrog med ein teoretisk opplæringssekvens og det praktiske med sjølve jaktutøvinga. Opplegget vart veldig vellykka med nærkontakt og felling av vilt. Noko av slaktet vart brukt til matlaging i sjølve opplegget. Resterande vart gjeve bort til Skjåkheimen.



Full utteljing for gjengen som var med på «Friluftsskulen - frå skog til bord» i haustferien.


Jaktkurset på villrein i samarbeid med NJFF vart gjennomført med 7 deltakarar. Dette vart svært vellykka med 2 fellingar og fine jaktsituasjonar. Vi opplev at dette kurset gjev almenninga mykje positiv merksemd og synlegheit. I tillegg til at det er eit fint tiltak for samarbeid mellom almenninga, NJFF, SNO og Sota Sæter som bidreg med opplæring og overnatting.

Hyttefelt og tomtefeste

Det er ikkje bygsla burt nokon hyttetomt i 2023. Hyttemarknaden har generelt vore dårleg på landsbasis pga. auka rente og usikre finanstider, samstundes som det har vore nedprioritert å arbeide med marknadsføring frå vår side dette året.

Utleiehytter

Nedgangen i utleiedøgn frå «koronatoppen» i 2020 og 2021 er markant, og i 2023 er ein faktisk nede på eit utleivenivå som i 2014. Ein trur at det er fleire orsakar til dette. Nordmenn prioriterer heller utanlandsferie etter korona, fjellferie er kanskje ikkje fullt så «inn» lenger, samt at været var generelt dårleg i juli og august 2023. Fleire turistverksemdar melde også om mindre aktivitet i 2022 og 2023 enn dei føregåande åra. Det bør også nemnast at det har vorte fleire utleiehytter på bookingsida til Inatur dei seinare åra, og såleis har tilbodet og konkurransen vorte større, samstundes som trykket vårt på marknadsføring det siste året har vore nedprioritert.



(Utvikling utleiedøgn hytter/buer 2012-2023.)


5. ØKONOMI

Rekneskap

Det samla driftsresultatet i 2023 kom på kr 4 288 437. Årsresultat etter finans og skatt kom på kr 2 121 579 grunna nedskrivning av aksjar og ansvarleg lån til Gudbrandsdal Massivtre AS og ansvarleg lån til Måråe Kraftverk AS på til saman 3,8 MNOK pr 31.12.2023. Det er jamn, stabil drift i almenninga, og dei gode driftsresultata er eit resultat av målretta arbeid over mange år. Det er framleis utmarksavdelinga som gjev det største positive bidraget, men gode prisar på tømmer gjer også sitt til at skogavdelinga gjev eit godt bidrag. Omsetninga av tømmer gjennom Glommen Mjøsen Skog SA gjev også eit betydeleg tilleggsbidrag, der etterbetaling av tømmer levert i 2022 kom på 54 kr / m³ inneverande rekneskapsår. Figuren nedanfor viser bidraget gjennom kontantutbyte, bruksrettsrabatt, kvantumsrabatt og andre tilskot til dei eigedoms- og bruksberettiga i Skjåk Almenning dei siste 10 åra. Det vart utbetalt rekordhøge ytingane frå Skjåk Almenning til landbruksnæringa i Skjåk, med litt i underkant av 3,5 MNOK i 2023 – i tråd med styret sine målsettingar.

Almenningsstyret meiner at framlagt årsrekneskap for 2023, saman med styret si årsmelding, gjev eit rettvisebilete av årsresultatet og den finansielle stillinga til Skjåk Almenning ved utgangen av året.

Styret stadfestar at rekneskapa er avlagt under føresetnad om framleis drift.



(Bruksrettsyttingar og antal bruk med røysterett i Skjåk Almending 2013-2023).

Industrielt eigarskap

Skjåk Trelast AS med Bygger'n Skjåk AS:

SEBB AS har eigd 30 % av Bygger'n Skjåk AS. På slutten av året gjennomførte Bygger'n Skjåk AS, attendekjøp av desse aksjane.

Det har vore nok eit produktivt år for Skjåk Trelast AS, sjølv om trelastmarknaden har opplevd rolegare byggeaktivitet og stor reduksjon av prosjekter. Omsetninga av skur- og høvellast hadde ein betydeleg reduksjon samanlikna med dei føregåande åra, i likheit med den generelle situasjonen i treindustrien nasjonalt. Det er framleis god vekst i omsetning av sekundærvarer og biprodukt, og varer som fyringsflis og ved fortsette den stabile utviklinga som har vore dei siste åra. Salet av fyringsflis i 2023 enda på i overkant av 16 600m³, som er ein oppgang på 13 % samanlikna med 2022. Produksjonen har gått som normalt sjølv om byggeaktiviteten har vore mindre, og det vart i løpet av 2023 tatt inn 5 715m³ med sag- og laftetømmer. Dette er eit lågare volum enn 2021 og 2022, men framleis stor auke samanlikna med 2020 og tidlegare år. Totalt enda årsomsetnaden i 2023 på 16,7 MNOK, medan årsresultatet var kr 64 379.

Omsetninga til Bygger'n Skjåk AS var i 2023 på 20 MNOK, medan årsresultatet kom på kr 296 212 (ureviderte tal).

Skjåk Biovarme AS

Varmesalet i 2023 var 3,89 GWh, mot 3,05 GWh i 2022. Litt kaldare vêr i 2023 bidrog til eit godt varmesal. For å sikre leveransekapasitet og stabilitet starta ein i 2022 med utvidinga av anlegget med 1 fyrkjel og med eit påbygg på ca. 200 m².

Påbygget var ferdig til bruk og omnr. 4 vart sett i drift september 2023. Påbygget gjev moglegheit for å setja inn fyrkjel nr. 5. Skjåk Biovarme AS brukte 7 560 m³ med fyringsflis frå Skjåk Trelast AS i 2023. Bedrifta hadde ei omsetning på 2,8 MNOK i 2023 og fekk eit årsresultat på kr 622 853

Gudbrandsdalen Massivtre AS

I 2023 har vore eit svært krevjande år for dette selskapet. Krevjande marknader kombinert med vanskar med å få opp produksjonsvolumet, gjer at det er vanskeleg å få lønsemd i selskapet. Det har vore levert massivtreplater til mange ulike prosjekt, både landbruksbygg, hus, hytter, garasjar, møblar med meir.

Måråe Kraftverk AS

Etter planen skulle kraftverket stått ferdig i 2023. Slik vart det ikkje. Produksjonsstart er utsett til sommaren 2024. Det har vorte ein stor kostnadssprekk i prosjektet. Opphøveleg skulle det koste om lag 14 millionar kroner. Ved årets slutt i 2023 ligg dette an til å bli 21 millionar. Det står framleis att noko mindre arbeid.

